



Tina Solberg Pedersen
Spiki 31
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1442 - 16/11959

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

03.05.2016

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - GBNR 108/574 Lindås

Teknisk drift syner til brev datert 19.04.2016 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett – gbnr 108/574 Spiki, Lindås.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 3,5m.
- Tiltaket skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for at tiltaket vert påført skade under arbeid på kommunalt leidningsnett. Om mulig bør tiltak være fundamentert på fast fjell. Før oppstart av arbeid skal planteikning som viser fundamentering sendast inn for godkjenning. Dersom masser ligger på fast fjell må dette dokumenterast.
- Tiltaket skal være plassert slik at tekniske krav til avkjørsle vert stetta (sikt i avkjørsle, krav til svingradius, at ein skal kunne snu på eigen grunn etc). Tiltaket skal også være plassert slik at det ikkje hinder sikt for andre trafikktilhøve på staden.
- Teknisk drift, VVA, fråseier seg alt ansvar for skade som måtte oppstå på tiltak som følgje av tiltakets plassering i forhold til kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom det oppstår skade på tiltak i samband med drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, vil eigar av gnr 108 bnr 574 sjølv være ansvarleg for og påkoste utbetring av disse.
- Ved nødvendig fjerning av murer, garasje eller anna bygningsdel/byggverk pga naudsynt vedlikehald i leidningstrase, skal alle kostnader fullt og heilt dekkast av eigar av gnr 108 bnr 574.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadpliktig etter plan og bygningslova.

Det er « Standard abonnementsvilkår – tekniske og administrative bestemmelser» som gjev lovheimel for at Teknisk drift skal setje krav til tiltak som skal plasserast nærare offentleg leidningsnett enn 4.0m.

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve regelverk som nemnt over og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har med eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Tina Solberg Pedersen

Spiki 31

5955

LINDÅS